

370.00

1

200404169

-253



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE
AVDELING FOR LÆRARUTDANNING OG IDRETT

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Om ny barnehagelov

Om ny barnehagelov

Høyringsfråsegn frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett

Noreg har endra seg til å bli eit meir fleirkulturelt samfunn, med større grad av verdipluralisme, og dette får konsekvensar for korleis ei ny lov om barnehagar bør vere. FNs barnekonvensjon er eit viktig grunnlag for lovarbeidet og bør gå som ein raud tråd gjennom lova. Barnehagelova må sjåast i samanheng med andre norske lover, men samtidig må lova utformast med tanke på barnas beste. Ansvar for kvalitet og krav til kompetanse ligg til staten, og i kva grad dette skal styrast sentralt eller delegerast til kommunane er ei viktig problemstilling.

Verdiar som fridom, effektivitet og demokrati er sentrale verdiar knytt til lokal fridom og delegering av ansvar, medan likskap, rettferd og samordna forvaltning og nasjonaløkonomi er sentrale verdiar knytt til statleg styring. Eit sentralt spørsmål er då korleis barnas beste vert

ivareteke på beste måte. Har kommunane ein reell fridom til å prioritere, eller gir kommuneøkonomien lite spelerom? Kan sentrale verdiar som likskap og rettferd verte nedtona, dersom ein ikkje har ei statlig styring med blant anna regulering av kompetansekrav, gruppestorleik og areal, men let kommunane velje fritt?

For å sikre barnas beste, og å vere i tråd med FN sin barnekonvensjon, vil vi anbefale ei sterkare statlig styring enn den BFD føreslår, fordi kommuneøkonomi ikkje bør vere det som avgjer kor gode barnehagane skal vere. Nokre minimumskrav og reguleringar må forankrast sentralt for å sikre kvaliteten i barnehagane. Barnehagen er den institusjonen som skal sikre at barn i førskulealder får gode tilhøve for aktivitet og utvikling. Ei lovfesta regulering av kompetansekrav, gruppestorleik og areal er nødvendig for å sikre kvalitetsmessige minimumskrav uavhengig av i kva kommune barna bur.

HSF har følgjande fråsegn til lovparagrafane i den nye barnehagelova:

§ 1 BFD bør vurdere om kristen formålsparagraf er i samsvar med FN's barnekonvensjon (§ 29) med tanke på å inkludere fleire verdiar i eit fleirkulturelt Noreg. Elles støttar vi arbeidsutvalet sitt forslag.

§ 2 Barnehagens innhald må sjåast i samanheng med formålsparagrafen og som i §1 vil vi også her støtte arbeidsutvalet sitt forslag til § 2.

§ 3 Støttar forslaget til lovtekst. Ved for store grupper i barnehagen vil mykje av tida bli brukt til organisering og det blir mindre tid til pedagogisk arbeid og oppfylging av barna. For at § 3 skal kunne realiserast bør ikkje barnegruppene vere for store, og kravet om kompetent og tilstrekkeleg personale må stettast.

§ 4 Støttar forslaget til lovtekst, men ønskjer i tillegg å ha med at styrar er sekretær for samarbeidsutvalet. Styrar si rolle i samarbeidsutvalet bør vidare definerast i forskrift til lova.

§ 5

§ 6 Støttar forslaget til lovtekst og er positive til innskjerpinga i §6 a).

§7

§ 8 Støtter forslaget til lovtekst, men i tillegg bør setninga : *"Kommunen har ansvar for utbygging og drift av barnehager i kommunen"* også vere med i den nye lovteksten. I tillegg bør kommunen sitt ansvar vere å gi fagleg rettleiing til barnehagetilsette i kommunen, og kvar kommuneadministrasjon må ha barnehagefagleg kompetanse for å kunne følge opp kvaliteten i barnehagane.

§ 9

§ 10 Støttar ikkje forslaget til lovtekst.

For det første bør tidlegare § 3 om barnehagens utforming inkluderast i §10. *"Barnehagen skal ha lokaler og uteområder som er egnet for formålet ut fra hensynet til barnas alder og*

oppholdstid. Barns skal ha mulighet for varierte aktiviteter i trygge omgivelser. Uteområdet skal normalt ligge i umiddelbar tilknytning til barnehagens lokaler". Det er viktig å sjå samanhengen mellom fysisk miljø og den pedagogiske målsetjinga for barnehagen. For å styrkje kvaliteten i barnehagane er det nødvendig å lovfeste at uteområdet normalt skal ligge tett opp til barnehagen sine lokale.

For det andre bør rettleiande norm for barna sitt leikeområde inne og ute, definerast i ei forskrift med same norm som BFD Rundskriv Q-0902 har. Å ha tilstrekkeleg areal er it kvalitetskriterium. FNs barnekonvensjon §3.3 "*Partene skal sørge for at institusjoner og tjenester som har ansvar for omsorgen for eller vernet av barn, har den samme standard som er fastsatt av vedkommende myndighet, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner så vel som overoppsyn*" kan sjåast i samanheng med krav om at barnehagelova må setje ein standard med mellom anna å definere areal inne og ute.

§ 11 Støttar forslaget til lovtekst.

§ 12 Støttar forslaget til lovtekst.

§ 13 Støttar forslaget, men vi ber BFD vurdere på nytt om minoritetsspråklege barn bør bli prioritert. Jamfør FNs barnekonvensjon og Noregs heilskaplege oppvekstpolitikk om livslang læring og vektlegging av basiskompetanse før skulestart.

§ 14

§ 15

§ 16 Støttar forslaget til lovtekst

§ 17

§ 18 Forslag til ny tekst:

"Hver barnehage skal ha en styrer som har den pedagogiske og administrative ledelsen av virksomheten. Barnehagen skal ha en styrer som har utdanning som førskolelærer og ledelseskompetanse. Unntaksvis kan en tilsette andre med 3-årig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk og ledelseskompetanse. Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan virksomheten ha felles administrativ leder. Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen. Departementet gir nærmere forskrifter".

Grunngjeving for forslaget:

Viser til departementet si beskriving av dei fire hovudoppgåvene for styrar og kva leiarskap dreiar seg om (høyringsnotatet s.84).

Med bakgrunn i dei nemnde oppgåvene må konsekvensen bli at den som skal vere leiar for barnehagen treng både førskuleutdanning og kompetanse i leiing. Spesielt i store barnehagar kan det vere aktuelt å tilsetje med tanke på eit leiarteam der *ein* har hovudansvaret for

pedagogiske tema og personalleiing, og *den andre* har hovudansvaret for meir økonomiske og administrative oppgåver. Det bør då vere opning for at ein kan tilsetje personar utan førskulelærerutdanning, men då med leiarkompetanse og 3-årig pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Omgrepet *styrar* må vidareførast, fordi det å vere leiar av barnehagar krev ein heilt spesiell kompetanse, med både barnehagepedagogikk og leiingskompetanse som minstekrav.

§ 19 Forslag til ny tekst:

"Bemanning skal bestå av pedagogiske ledere som er utdannet førskulelærere og annet egnet personalet. Med egnet personalet regnes personer med annen høyere utdanning eller fagbrev i barne- og omsorgsarbeider. Bemanningen må være i samsvar med formål og forskrift til lov om barnehager. Kommunen kan gi midlertidig dispensasjon fra utdanningskravet. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen".

Grunngjeving for forslaget:

Viser til innstillinga frå arbeidsgruppa der det m.a. står: *Et tilstrekkelig antall ansatte med relevant kompetanse er selve bærebjelken i barnehagens kvalitet. (...) Kravet om at hver barnegruppe skal ledes av en pedagogisk leder med førskulelærerutdanning bør derfor videreføres.*

- Omgrepet pedagogisk leiar og styrar må vidareførast fordi det gir viktige signal om kvalitetssikring av verksemda.
- Det er berre førskulelærerutdanning som skal kvalifisere til stillinga som pedagogisk leiar. Det er særskild viktig å vise verdien av at det berre er førskulelærerutdanninga som i sin heilskap har fokus mot dagleg pedagogisk arbeid med barn i alderen 0-6 år.
- Målet må vere å få fleire personar med formell kompetanse som tilsette i barnehagen. I tillegg til pedagogisk leiar med førskulelærerutdanning, vil det vere ynskjeleg å tilsetje personar med formell kompetanse innan pedagogikk, estetiske fag eller andre personar som kan bidra til eit godt miljø for omsorg og læring.

Tidlegare § 24 om øvings- og praksisopplæring føreslår vi vert oppretthalden. Ein eigen paragraf i barnehagelova kan vere med på å sikre best mogleg kvalitet i praksisopplæringa i førskulelærerutdanninga.

§ 20

§ 21

§ 22 Vi føreslår at det også i den nye lova vert brukt nemninga styrar jamfør tidlegare argument under § 19.

§ 23 Vi føreslår at det også i den nye lova vert brukt nemninga styrar jamfør tidlegare argument under § 19.

§ 24 - 27

Sluttkommentar

Lov om barnehagar skal setje rammer for å sikre høg kvalitet og eit likeverdig pedagogisk tilbod til barn og foreldre, uavhengig av kvar dei bur og kven som eig barnehagen. Vi har gjennom fråsegna, knytt opp mot kvar enkelt paragraf, uttrykt kva som bør regulerast gjennom denne lova, og vist til område der det er nødvendig å utdjupe og spesifisere minimumskrav i ei forskrift til lova. For å sikre eit likeverdig pedagogisk tilbod av høg kvalitet vil vi argumentere for at offentlege tilskot til barnehagar framleis bør vere øymerka og ikkje som rammetilskot.

Livslang læring og ein heilskapleg oppvekstpolitikk krev at ein må sjå innhald i barnehage og skule i samanheng. Med utgangspunkt i argumentasjonen i kapittel 11 i NOU: 2003:16 *I første rekke*, vil også vi argumentere for at ansvaret for barnehagane vert flytta til Utdannings- og forskingsdepartementet, slik at barnehage og grunnopplæringa i skule vert samla i eit departement. Ny lov om barnehagar må sjåast i samanheng med den utdanningspolitikken UFD utformar med tanke på at barnehageopphald er eit viktig grunnlag for livslang læring.

Barnehagen er den institusjonen som skal sikre at barn i førskulealder får gode tilhøve for aktivitet og utvikling og danne eit grunnlag for livslang læring. Ei lovfesta regulering av kompetansekrav, gruppestorleik og areal er nødvendig for å sikre kvalitetsmessige minimumskrav for barnehagen, uavhengig av i kva kommune barna bur.